

# Ved mistanke om vald og overgrep mot barn og unge

For deg som jobbar med barn og ungdom, eller deg som lurar på korleis du går fram



## SJÅ

- Blåmerke, gjerne fleire stader
- Brann- og kuttskadar
- Svimmelheit
- Søvn- og eteproblem
- Vondt i magen
- Uro og irritabilitet
- Tristheit og tilbaketrekking
- Utagerande eller «pleasende» åtferd
- Reaksjonar ved berøring
- Sårheit, smerter i underlivet
- Gjentatte urinvegsinfeksjonar, utflod, blod
- Seksualisert åtferd
- Sjølvskading
- Hyppige legebesøk og innlegging på sjukehus (med diffuse symptom)
- Dårleg tannhelse
- Familien motset seg innsyn i familien
- Bruk av rusmidlar

Vald kan ha mange former – den kan være fysisk, psykisk, seksuell, eller handle om omsorgssvikt. Den kan også handle om frykt for ny vald eller for at ting blir øydelagt.

### Følg intuisjonen din!

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn.

### Prøv å sjå bak fasaden

Husk: Å leve med vald har like alvorleg effekt som å bli utsett sjølv.

## HØYR

Prøv å spørje om kva som har skjedd, mens du samtidig ivaretar barnet. Bruk barnet sine egne ord, ver nysgjerrig og utforskande i spørsmåla. Det held at du har en sterk mistenke om vald – du trenger ikkje la barnet gå inn i mykje detaljer.

### Start gjerne med:

– *Eg har lagt merke til at ...*

Beskriv så det du ser:

– *du ofte har vondt i magen*

– *du verkar trøtt/trist*

– *du har blåmerke på armen*

### Tips!

- ♥ Gjenta det barnet seier
- ♥ Still opne spørsmål (ikkje leiande)
- ♥ Bruk støtteord som – *hm, ja, fortel, fortel meir*
- ♥ Spør gjerne fleire gonger, evt. avtal ei ny samtale med barnet
- ♥ Vis til barnet at du er der – *Eg er her og kom innom viss du vil snakke med meg*
- ♥ Ta det i barnet sitt tempo

## AVKLAR

Eit barn kan fortelje om hendingar heime litt plutsleg, for eksempel i en samlingsstund, i frikvarter osv. Inviter barnet til samtale eller plukk opp tråden på et passende tidspunkt:

– *Då du sa det ... tidlegare i dag, kva meinte du då?*

– *Eg har ikkje vore der, fortel så godt du kan ...*

– *Kva skjer vidare da?*

– *Du har fortalt meg om ...*

Ver varsam og ikkje spør for detaljert, det er politiet eller barnehuset som gjer avhøyr av barnet og ønsker å være den første som spør barnet om detaljane. Få barnet til å fortelje ope.

Når barnet er ferdig med si forteljning, stadfest det barnet har sagt, og gjer det tydeleg at det han/ho har sagt er viktig. Ikkje lov barnet at du ikkje skal seie det til nokon. Forklar at du må snakke med nokon andre vaksne om det barnet har fortalt.

### Kva gjer du?

- ♦ Noter det som barnet har fortalt, så ordrett som mogleg. Dokumentasjon er viktig, skriv «mor seier...» «barnet fortel...»
- ♦ Du kan drøfte saka anonymt med barneverntenesta
- ♦ Drøft gjerne saka med ein leiar og/eller kollega, der de saman legg ein plan for kven som gjer kva på kva tidspunkt (akutte tiltak, bekymringsmelding, tilvise til hjelpeapparat).

**NB! Ved mistanke om vald og overgrep mot barn frå føresette skal IKKJE føresette kontaktast.**

## AKUTT

Når du har grunn til å tru at et barn blir utsett for vald eller overgrep eller kjem til å bli utsett for det, har du avverjeplikt.

- Ved fysiske skader
- Ved symptom etter psykisk vald
- Ved alvorlege truslar
- Ved mistanke om seksuell overgrep
- Når barnet viser redsle for å gå heim
- Når barnet blir henta av rusa foreldre
- Ved mistanke om nært føreståande/gjennomført kjønnslemlesting eller tvangsekteskap

- ◆ **Varsle politiet med det same**
- ◆ **Varsle barneverntenesta samtidig**

Ved synlege skadar, ta gjerne bilde. Vurder om barnet skal til lege for å sikre bevis. Di plikt er sjølv varslinga. Politiet vil etterforske og sørge for avhøyr ved barnehuset.

**NB! Ved mistanke om vald og overgrep mot barn i heimen, skal IKKJE føresette kontaktast.**

Ver merksam på at faktorar som samlivsbrot, arbeidsløyse, sjukdom, trygd og rusbruk i familien kan bety auka risiko for alvorleg vald.

### MELDEPLIKT

Du har ei sjølvstendig plikt til å melde frå til barneverntenesta ved mistanke om vald og overgrep.

## HANDLE

Kva gjer du ved mistanke om at et barn lev med vald i familien, eller blir utsett for vald eller seksuelle overgrep?

### Bekymringsmelding sendast til barneverntenesta

- ◆ Den skal innehalde: Personalialia, årsaka til bekymring, skildring av kva du har sett, høyrte og når. Oppgje kontaktperson og kva som allereie er gjort.
- ◆ Meldinga sendast i samarbeid med leiar. Viss leiar motset seg å signere, har du sjølvstendig ansvar for å sende meldinga med di underskrift.
- ◆ Barneverntenesta gir meldereren tilbakemelding når meldinga er mottatt og undersøkinga er avslutta. Som venn eller nabo får du berre vite om meldinga er mottatt.

**Husk!** Du skal berre melde frå om din bekymring. Det er barneverntenesta som undersøker saka og avgjer vidare tiltak.

### Anonyme drøftingar

Er du usikker? Ring barneverntenesta, barnevernvakta eller Alarmtelefon for barn og ungdom for å drøfte saka anonymt.

### AVVERJEPLIKT

Dersom du veit, eller trur, at nokon kan bli utsett for vald eller overgrep, kan du ha ei lovpålagt plikt til å forsøke å hindre at det skjer. Avverjeplikten (§ 196) gjeld ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar, utan omsyn til teieplikta.

## VISS SAKA ER HENLAGT, MEN VALDEN HELD FRAM?

### Ny melding til barneverntenesta

- ◆ Meld forholdet på nytt til barneverntenesta, som i mellomtida kan ha mottatt fleire bekymringsmeldingar.

### Informasjon om hjelpetilboda til familien

- ◆ Gi barnet og foreldre informasjon om vald i nære relasjonar og hjelpetilboda. Send med brosjyre og del kontaklinformasjon.



### VIKTIGE TELEFONNUMMER - AKUTT

|                             |                 |
|-----------------------------|-----------------|
| Politi *                    | 112 eller 02800 |
| Austevoll barnevern         | 41 55 96 44     |
| Barnevernvakt *             | 55 36 11 80     |
| Alarmtelefon barn og unge * | 116 111         |
| Krisesenter *               | 55 31 50 50     |
| Valdtekstmottak *           | 55 55 99 50     |
| Legevakt *                  | 116 117         |

### SAMTALE, RÅD OG RETTLEIING - DAGTID

|                                                     |               |
|-----------------------------------------------------|---------------|
| Barneverntenesta                                    | 41 55 96 44   |
| Helsesjukepleiar                                    | 55 08 10 70 / |
| Skulehelseteneste                                   | 55 08 10 71   |
| Legetenesta Austevoll                               | 55 08 10 50   |
| Hjelpetelefon for seksuelt misbrukte og pårørande * | 800 57 000    |

\* Døgnope tenester